Til Sigmund! 46

„Der stig or minnedjupet"

I.

Der stig or minnedjupet som gyllen sky or hav
eit „alveland" med fjell og höge tindar!
Der soli gyller toppen og langsamt leikar av
mot lid og dal og bygd med höge tindar.
Der elvar renn so stille ell' gjeng i kvite foss -!
Der gauken gjel i lidi og lerka syng for oss;
med blomen voggar i dei mjuke vindar!

II.

Men utanfor ligg havet - so endelaust og villt
der „storebåra" bryt um bå og grunnar —!
Der fiskaren og sjömannen jamt lyt lida ilt,
når mat dei hentar åt dei tusund munnar.
So mang ein ærleg „slitar" fann her si våte grav,
når imot grunn og fallgard hans båt i stormen dreiv av!
Til kross på gravi fekk han Havdjup-straumar.

III

I dette fagre landet eg fyrst såg dagsens ljos -
Her far og mor på armen hev meg bore -!
Med sysken glad eg leika i stova, tun og fjos -
- I skogen hev eg selje fløyta skore -!
Eg vart so hjartans glad i mi vesle heimegrend,
der i frå fjord til fjelletopp eg alle stad var kjend
Frå skulebenk og upp til Kyrkjekore.

IV

Med åri fekk eg sjå meg litt vidare i Kring
i nord og sud langs „Gamle Norigs" strender.
Med båt og bil og bana eg gjorde mang ein sving.
-Såg vene bygder, - tusund vakre grender!
Men aldri såg eg fagrare fjord og dal og fjell!
Slik morgonsol i gull, og slikt soleglad um Kveld
som i mi heimbygd - Kvar eg auga vender!

V

Eg ofta lengtar heim når i Kring eg ute fer -
og „heimegrendi" stig for tanken klåre!
Då fjord og bygd og fjelli so „tydeleg" eg ser
og minni Kjem - so gilde og so såre! -
Eg ser mitt bygdefolk i dei ymse arbeid der -
Og på den kjære staden min sigen heim eg ser -
med Kona og med alle borni våre!

VI

Å - var eg snøgg som tanken - eg jamt slo følgje heim -
So „sjaleglad" eg stod i tun og stova -!
For ingen drog mitt hjarta som Du, Du gamle Heim!
For alt Du gav eg vil min Herre lova!
Og det eg trur forvisst at når livet mitt tek slutt:
Hjå Deg og mine Kjære eg skal få anda ut -
og i den vesle Kyrkjegard få sova!

Far.